



DELÅRSRAPPORT **2. kvartal 2014**

Voss, 19. august 2014
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2014

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for fyrste halvåret på 25,2 mill. kr, ein auke med 14,1 mill. kr i forhold til halvåret i fjor. Resultatet tilsvarar 1,41% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,66% i fjor.

I 2. kvartal er resultatet før skatt auka med 9,2 mill. kr til 16,0 mill. kr. Resultatet tilsvarar 1,75% av gjennomsnittleg rådveldekapital i kvartalet (GFK) mot 0,80% i fjor. Etter skatt er resultatet i kvartalet 13,4 mill. kr (1,75%) mot 4,8 mill. kr (0,56%) i fjor. Den store veksten i resultatet i kvartalet kjem frå realisert vinst ved sal av aksjane i Nets, framleis god vekst i netto renteinntekter og reduserte driftskostnader.

RENTEMARGIN

Renteinntektene i 2. kvartal syner ein stigande trend, og banken bokfører netto renteinntekter på 19,6 mill. kr, ein auke på 2,6 mill. kr i forhold til 2. kvartal i fjor. Rentemarginen ved halvårsskifte i år er 2,19% mot 2,01% ved utgangen av 2. kvartal i fjor. Rentemarginen er om lag som budsjettert.

INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Banken sine papir investert på Oslo Børs har i år hatt ei betre utvikling enn tilsvarende periode i fjor. Ved halvårsskiftet har banken samla på aksjar inntektsført netto utbytte og verdiendringar med 1,0 mill. kr, mot utgiftsføring på 0,1 mill. kr i fjor. I tillegg har banken i 2. kvartal inntektsført salet av aksjane i Nets Holding A/S, med ein realisert vinst på 5,5 mill. kr. Tidlegare rekneskapsført oppskrivning på denne aksjen på 2,3 mill. kr. er tilbakeført under eigenkapitalen.

Verdien på banken sin portefølje av obligasjonar klassifisert som «tilgjengeleg for sal med verdiendring over eigenkapitalen» er i 2. kvartal auka med 0,2 mill. kr.

DRIFTSKOSTNADER

I 2. kvartal i år er driftskostnadane 9,5 mill. kr som er 1 mil. kr mindre enn for 2. kvartal i fjor. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,04% i år mot 1,23% i fjor. Driftskostnadane ved halvårsskiftet er godt under budsjettert for 2014.

TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

I 2. kvartal har banken kostnadsført tapsavsetjingar med 2,1 mill. kr mot 0,6 mill. kr i fjor. Av kostnadsføringa i kvartalet er 1 mill. kr auke i gruppevis nedskrivningar. Konstaterte tap so langt i år utgjer 0,5 mill. kr.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av kvartalet er på 43,0 mill. kr, ein nedgang frå 48,9 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 1,35 % pr. 30.06.14, mot 1,62% pr. 30.06.13. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 2. kvartal er rådveldekapitalen auka med 140 mill. kr, eller 3,84 %, til 3.775 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 233 mill. kr, eller 6,6%.

INNSKOT

Vekselbanken opplever for tida ein god auke i innskot. I 2. kvartal er innskota auka med 159 mill. kr eller 6,6%, mot ein auke i 2. kvartal i fjor på 113 mill. kr eller 5,1%. Siste 12 månadane har innskota auka med 225 mill. kr, eller 9,6%.

Den negative trenden i innskotsdekninga er snudd, og ved halvårsskiftet noterer banken ein innskotsdekning på 80,6% av brutto utlån, mot 77,3% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken opplever framleis god vekst i utlån og bokfører i 2. kvartal ein auke i brutto utlån på 82 mill. kr (2,6%), mot ein auke på 153 mill. kr (5,3%) i 2. kvartal i fjor.

Ved kvartalsskiftet i år er brutto utlån til kundar 3.202 mill. kr, mot 3.030 mill. kr ved kvartalsskiftet i fjor. Dette utgjer ein auke siste 12 månadane på 172 mill. kr eller 5,7%. Av samla utlån er 2.541 mill. kr (79,4%) til personkundar og 661 mill. kr (20,6%) til næringskundar.

Banken er så smått kome i gang med å formidla lån via Eika Boligkreditt AS, og har i 2014 formidla 32 mill. kr til samla 48 mill. kr. Ein har som mål at ein større del av framtidig utlånsvekst skal takast via Eika Boligkreditt.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.567 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 391 mill. kr eller 15,24%.

Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene. Ved halvårsskiftet er berekna LBI 108% og LCR 88%.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel II reglane er 380,4 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,30%. Kjernekapitalen er samstundes 322,1 mill. kr, eller 15,49%. I høve til minimumskrava er overdekninga 214,1 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 13,81%.

DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt på dei 20 største aksjonærane:

20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Namn	Andel	Beholdning
SPAREBANKEN VEST AKSJER, HANDEL II	10,00 %	189.980
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	8,16 %	155.020
MP PENSJON PK	4,29 %	81.600
AUGUST RINGVOLD AGEN	1,95 %	37.080
NARHEIM INVEST AS	1,42 %	26.920
SKOGSBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RAC	1,05 %	20.000
FORLAGSHUSET VIGMOST	0,93 %	17.700
BJØRKE ARNSTEIN	0,89 %	16.980
NOTOV AS	0,85 %	16.240

NORDNET PENSJONSFORS	0,66 %	12.620
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
RINGHEIM BJØRN	0,59 %	11.160
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,58 %	11.040
LANGMYHR TRYGVE	0,58 %	11.038
SLÅPEKROKEN AS	0,53 %	10.040
ØVSTHUS GRO NESHEIM	0,46 %	8.660
KVAREKVAL LARS	0,44 %	8.360
KNAPSTAD BJØRG	0,43 %	8.260

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2014

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalkmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Det har nyleg vore ein korreksjon av renter hjå fleire bankar, men det er ikkje venta større renteendingar ut året. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Eika-Gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering. Dette vil styrka banken framover.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG DAGLEG LEIAR

Vi stadfestar etter beste overtying at rekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2014 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov IFRS, og at rekneskapsopplysingane samla sett gir eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, samt at delårsrapporten gir eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	2. kv. 2014	2. kv. 2013	30.06.14	30.06.13	31.12.13
Renteinntekter og liknande inntekter	39.960	36.354	79.226	72.250	150.798
Rentekostnader og liknande kostnader	20.362	19.326	39.986	38.296	76.853
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	19.598	17.028	39.240	33.954	73.945
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	728	1.076	966	1.108	1.108
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.677	1.212	3.171	2.168	5.511
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-957	-803	-1.789	-1.617	-3.232
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	6.695	-548	8.271	-192	482
Andre driftsinntekter	0	10	11	20	105
Sum andre inntekter	8.143	947	10.630	1.487	3.974
Sum netto inntekter	27.741	17.975	49.870	35.441	77.919
Personalkostnader	3.693	3.977	8.546	9.568	20.354
Administrasjonskostnader	3.076	3.976	7.210	7.448	13.344
Ordinære avskrivningar	1.727	1.624	3.457	3.251	6.599
Andre driftskostnader	1.032	965	2.347	2.294	4.197
Sum kostnader	9.528	10.542	21.560	22.561	44.494
Resultat før tap	18.213	7.433	28.310	12.880	33.425
Tap på utlån, garantiar m.v.	2.184	645	3.027	1.734	3.222
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	0
Netto tap og avskrivningar	2.184	645	3.027	1.734	3.222
Resultat før skatt	16.029	6.788	25.283	11.146	30.203
Skatt på ordinært resultat	2.592	1.956	5.081	3.269	7.411
Resultat for rekneskapsåret	13.437	4.832	20.202	7.877	22.792
Andre inntekter og kostnader					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-2.061	-169	-2.815	1.535	2.159
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-79	47	158	-308	-534
Sum andre postar	-2.140	-122	-2.657	1.227	1.625
Totalresultat	11.297	4.710	17.545	9.104	24.417
Resultat pr. aksje (tal for 2013 er omrekna etter splitt)	7,07	2,54	10,63	4,15	12,00
Utvatna resultat pr. aksje (tal for 2013 er omrekna etter splitt)	7,07	2,54	10,63	4,15	12,00

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

	30.06.14	30.06.13	31.12.13
Kontantar og fordringar på sentralbankar	67.488	68.219	102.942
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	163.753	73.604	31.352
Netto utlån og fordringar på kundar	3.153.885	2.985.394	3.020.152
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	272.822	290.302	270.437
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	45.164	56.415	51.237
Immaterielle eignelutar	13.998	17.997	15.997
Finansielle derivat	672	454	514
Varige driftsmidler	36.623	37.160	37.865
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	21.100	13.356	10.109

SUM EIGNELUTAR

3.775.505 3.542.901 3.540.605

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.567.050	2.341.666	2.350.749
Obligasjons- og sertifikatgjeld	719.160	744.784	741.525
Finansielle derivat	674	642	674
Utsett skatt	2.373	2.746	2.531
Anna gjeld	23.187	16.779	15.791
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	33.397	31.945	9.552
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	4.009	6.626	6.638
Ansvarleg lånekapital	85.000	85.000	85.000
Sum gjeld	3.434.850	3.230.188	3.212.460

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-19	-15	-19

Sum innskoten eigenkapital

9.481 9.485 9.481

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	331.174	303.228	318.664
--------------------	---------	---------	---------

Sum opptent eigenkapital

331.174 303.228 318.664

Sum eigenkapital

340.655 312.713 328.145

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

3.775.505 3.542.901 3.540.605

Garantiansvar	78.129	57.265	75.746
Pantsetjingar	66.404	66.234	70.310
Eigenkapitaldekning	18,30 %	17,19 %	18,99 %
Gjennomsnittleg rådveldkapital	3.585.878	3.382.285	3.467.884

Voss, 19. august 2014

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel
Styreformann




Åse-Karin Tennebekk



Dagfinn Gjøstein



Stein Kvarekvål



Johanna Sølvberg



Einar Larsen

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
 Endring i gruppevise nedskrivningar
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

	30.06.14	30.06.13	31.12.13
30.06.14	30.06.14	30.06.13	31.12.13
1.545	1.545	-50	534
1.000	1.000	0	500
496	496	1.802	2.078
0	0	0	196
-14	-14	-18	-86
3.027	3.027	1.734	3.222

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån
 Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement
 Individuelle tapsnedskrivningar
 Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

47.524	47.524	52.145	24.840
4.461	4.461	3.242	2.503
43.063	43.063	48.903	22.337
74.133	74.133	74.432	79.117
25.274	25.274	24.364	25.687
48.859	48.859	50.068	53.430
91.922	91.922	98.971	75.767

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån
 Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar
 Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar
 Netto utlån til kundar

3.202.696	3.202.696	3.030.576	3.066.418
-29.735	-29.735	-27.606	-28.190
-19.076	-19.076	-17.576	-18.076
3.153.885	3.153.885	2.985.394	3.020.152

KAPITALDEKNING

	30.06.14		30.06.13		31.12.13	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	0	0	0	0	0	0
Institusjonar	48.568	3.885	37.117	2.969	32.014	2.561
Føretak	384.343	30.747	438.000	35.040	405.540	32.443
Massemarknad	0	0	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.286.953	102.956	1.189.325	95.146	1.228.888	98.311
Forfalne engasjement	29.951	2.396	118.581	9.486	20.710	1.657
Obligasjonar med fortrinnsrett	7.056	564	5.532	443	5.522	442
Andelar i verdipapirfond	7.582	607	2.860	229	3.915	313
Andre engasjement	194.439	15.555	183.628	14.690	183.841	14.707
Sum kredittrisiko	1.958.892	156.711	1.975.043	158.003	1.880.430	150.434
Operasjonell risiko	139.562	11.165	135.137	10.811	135.137	10.811
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	-19.076	-1.526	-17.576	-1.406	-18.076	-1.446
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Samla kapitalkrav	2.079.378	166.351	2.092.604	167.408	1.997.491	159.799
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-19		-15		-19	
Annan eigenkapital	291.697		274.052		291.533	
Fondsobligasjonar	35.000		35.000		35.000	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-13.997		-17.996		-15.997	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum kjernekapital	322.181	15,49	300.541	14,36	320.017	16,02
Herav rein kjernekapital	287.181	13,81	265.541	12,69	285.017	14,27
Fond for urealiserte verdiendringar	8.281		9.195		9.308	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		0	
Sum tilleggskapital	58.281	2,80	59.195	2,83	59.308	2,97
Sum ansvarleg kapital	380.462	18,30	359.736	17,19	379.325	18,99

ENDRING I EIGENKAPITALEN

	30.06.14	30.06.13	31.12.13
Eigenkapital ved inngangen til året	328.145	308.051	308.050
Utbetalt utbytte førre år	-5.035	-4.275	-4.250
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	-2.657	1.060	1.625
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	-72
Resultat i perioden	20.202	7.877	22.792
Eigenkapital ved periodeslutt	340.655	312.713	328.145

KONTANTSRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i NOK 1 000		
	30.06.14	30.06.13	31.12.13
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	79 614	78.982	158 796
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-17 928	-18.440	-80 436
Andre innbetalningar	2 019	1.949	2 504
Driftsutbetalningar	-15 818	-17.837	-36 596
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	14	18	86
Utbetalt utbytte	-5 035	-4.275	-4 275
Betalte skattar	-7 706	-6.964	-7 705
Tilført frå verksemda	35 160	33.433	32 374
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-136 292	-180.795	-217 024
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	216 297	103.258	112 346
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	- 3	5	1
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	-22 364	33.207	29 947
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	-11 043	-1.591	- 59
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	2 700	-34.502	-8 578
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	10 045	459	-4 250
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	0	0	- 83
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	59 340	-79.959	-87 701
Investert i varige driftsmidlar	- 389	-616	-4 581
Investert i immatrielle eignelutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	301
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	2 836	-2.376	2 560
Netto kontantstraum frå investeringar	2 447	-2.992	-1 720
Netto endring likvidar	96 947	-49.518	-57 047
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	134 294	191.341	191 341
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	231 241	141.823	134 294
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	67 488	68.219	102 942
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	163 753	73.604	31 352
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt	231 241	141.823	134 294